

Handlingsprogram 2022–2025

Regional plan for klima

Foto: Sveinung Klyve

Vedtatt i
fylkestinget
15.12.22

Innhold

Innleiing	2
Samarbeid	4
Auka klimafokus i kommunane	9
Redusere direkte klimagassutslepp	11
Deltema – Transport	11
Deltema – Energieffektivisering	17
Deltema - Klimavenleg landbruk	18
Deltema - Berekraftig næringsutvikling	20
Redusere klimafotavtrykket	23
Trygt og robust Vestland	26
Sikre naturmangfald	32
Klimarettferdig og folkehelse	35
Tiltaksoversikt	36

Innleiing

Regional plan for klima 2022-2035, ein klimaplan for klimaomstilling av Vestland.

Regional plan for klima inkluderer fem prioriterte planema for å sikre at vi reduserer klimagassutsleppa våre, både dei direkte og indirekte, at vi tek vare på naturmangfaldet vårt, sikrar ei klimaomstilling til det beste for innbyggjarane våre og gjer det trygt å bu i Vestland, no og i framtida.

Klimautfordringane heng saman med alt, men her finn vi også løysingane – hjå kommunane, innbyggjarane, lag og organisasjonar, høgskule-, universitets- og forskingsmiljøa og næringslivet vårt. Saman skal vi gå frå ord til handling!

Kva er dette?

Handlingsprogrammet for Regional plan for klima er eit strategisk dokument som skal synleggjere prioritert innsats i ein kortare periode enn sjølv planokumentet (*ikkje i prioritert rekkefølge*). Dette handlingsprogrammet er gjeldande denne politiske perioden. 4-årige handlingsprogram, med tilhøyrande årsplanar, skal sikre at vi når dei langsiktige og overordna klimamåla, samstundes som det er fleksibelt og mogeleg å gjere justeringar dersom rammevilkåra endrar seg, ny kunnskap oppstår, eller nye løysingar og mogelegheiter kjem. Vurdering om det er behov for justeringar skal gjerast årleg i samband med utarbeiding av årsplan og budsjett.

Årleg handlingsplan (årsplan) skal utarbeidast for å sikre ressursar og plassere ansvar for gjennomføring. Dette inkluderer også system for oppfølging, resultatmåling og klimakommunikasjon.

Fylkestinget vedtok dette handlingsprogrammet saman med plandokumentet i fylkestingsmøtet 15.12.2022 (PS 148/2022).



FOTO: SHUTTERSTOCK

Visjon - Nyskapande og berekraftig

Hovudmål

Vestland – ein ansvarleg pådrivar for nullutsleppssamfunnet

Plantema

Redusere direkte klimagassutslepp



Redusere klimafotavtrykket



Trygt og robust Vestland



Sikre naturmangfald



Klimarettferd og folkehelse



Temamål

Vestland reduserer direkte klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030

Vi reduserer klimafotavtrykket vårt ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar, redusert materielt forbruk og avfall

Ein trygg plass å bu og eit klimarobust samfunn som er førebudd på konsekvensar av klimaendringane

Gjennom god kunnskap tek vi vare på naturen sitt mangfald for å redusere klimarisiko

Vestland er ein pådrivar for ei rettferdig klimomstilling til det beste for innbyggjarane i dag og i framtida

Samarbeid

Samarbeid er nøkkelen for å få til ønska utvikling. Berekraftsmål nr. 17 Samarbeid for å nå måla, er det målet som bidreg til at vi kan nå dei andre berekraftsmåla, og er avgjerande for at vi lukkast. Utreiingar i samband med planprosessen og medverknadsarbeidet er tydeleg på at det er behov for tett samarbeid og fleire nivå som styrer retninga saman. Ingen aktør kan lukkast åleine, men gjennom samarbeid og at ein tek i bruk ulike roller kan ein lukkast med klimaomstillingsarbeidet.

Prioritering 1: Klimaråd Vestland		Tidsrom	Kontinuerleg
Etablere Klimaråd Vestland. Klimarådet skal medverke til å nå nasjonale og globale klimamål, måla i Regional plan for klima 2022-2035, og måla i dei kommunale klima- og energiplanane. Klimarådet skal vere ein møteplass for politikarar, og ein stad for utveksling av idear og erfaringar med klimaarbeid. Det skal medverke til synergieffektar på tvers av kommunegrenser og forvaltingsnivå og gjere klimafylket Vestland enno meir synleg, slagkraftig og resultatretta i klimaarbeidet. Klimarådet skal ta opp klimasaker generelt, og spesielt saker av politisk interesse for Vestland og Vestlandskommunane. Ungdom skal vere representert gjennom deltakarar frå Vestland ungdomsutval som deltek i rådet. Klimarådet skal drøfte tiltak i klimaplanen sitt handlingsprogram og kommunale klima- og energiplanar der politiske initiativ kan medverke til betre måloppnåing og resultat. Det kan samarbeide med andre nettverk og fora med tilsvarande føremål.			
		Oppfølging av temamål	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, rådet er leia av fylkesordførar/fylkesvaraordførar.		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Politiske leiarar frå Bergen kommune, kommunane i Vestland representert ved regionråda, og kommunar som ikkje deltek i eit interkommunalt regionråd, samt representantar frå Vestland ungdomsutval		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Mandat til nettverket, gruppesamansetting, engasjement	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Avklarast i budsjettprosess	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 2: Regional samarbeidsgruppe for klimaomstilling		Tidsrom	Kontinuerleg
Formell etablering av Regional samarbeidsgruppe for klimaomstilling. Mandat og namn på samarbeidsgruppa vil utarbeidast ved etablering. Fylkeskommunen tek initiativ til etablering etter vedtak av planen.. I tillegg vil det vere ein arena for diskusjon og erfaringsutveksling om fylket sine utfordringar innan klimaomstilling og sikre gjennomføring av tiltak. Gruppa er eit regionalt møtepunkt for regional samordning, erfaringsdeling og kunnskapsauke. Gruppa vil vere ei fagleg ressursgruppe med fokus på det regionale perspektivet og sikre samarbeid om klimautfordringane i kommunane.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, I samarbeid med: KS Vest, Statsforvaltaren i Vestland, Statens Vegvesen		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Forankring på toppleiarnivå. Mandat til nettverket, kompetanse og engasjement	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Avklarast i budsjettprosess	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 3: Klima og miljøeining i Vestland fylkeskommune		Tidsrom	Kontinuerleg
Vidareutvikle Vestland fylkeskommune sitt systematiske klima og miljøarbeid er viktig for å sikre at fylkeskommunen «feiar for eiga dør». Dette vil m.a. inkludere arbeidet med;			
<ul style="list-style-type: none"> - Vidareutvikle tverrfagleg klima- og miljøgruppe internt: Sikre og styrke felles innsats for oppfølging, samordning, erfaringsutveksling og kunnskapsauke på klima- og miljøfeltet for å nå regionale klimamål. - Nytte klimarekneskap som del av årleg rapportering, samt fremje dette som styrings- og rapporteringsverktøy også for andre. - Vidareutvikle regionalt klimabudsjett som verktøy for måloppnåing - Styrke samarbeidet og dialogen mellom klima- og miljøkontaktar i fylkesadministrasjonen - Styrke klima- og miljøstyring som integrert del av kvalitetssystemet. - Miljøsertifisere alle einingar i fylkeskommunen. - Eigarstyring og eigarstrategiar som stiller krav om korleis selskapet aktivt skal ta ansvar for klimakrisa, samt bidra til Vestland sine klimaambisjonar - Vidare oppfølging og bruk av Utsleppsanalysen frå CICERO og TØI 			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune I samarbeid med: Avdelingar og seksjonar i administrasjonen		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet og engasjement	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Avklarast i budsjettprosess (2 500 000 kr i 2021)	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 4: Klimapartner Vestland		Tidsrom	Kontinuerleg
Partnerskap for utsleppskutt og grøn forretningsutvikling. I dag samarbeider 70 partnerskapsverksemdar systematisk for nullutslepp innan 2030. Nettverket utfordrar partnerane til å følgje opp regionen sine ambisjonar gjennom å fjerne alle direkte klimagassutslepp innan 2030, og å vere pådrivarar for eit grønt skiftet. Nettverket jobbar systematisk med klimarapportering for å syne resultat og samle dei gode eksempla og den gode praksisen. Ringverknadene av næringsnettverket er gode, og skal vidareutviklast.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Lokale verksemdar		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Nok medlemsverksemdar og kapasitet til å drifte nettverket og skape entusiasme	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Avklarast i budsjettprosess	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 5: Regionale tilskotsordningar		Tidsrom	Kontinuerleg
I samband med tildelinga av regionale tilskotsmidlar skal miljøprofil og tiltaket sitt bidrag til klimaomstilling vektleggast i vurderinga, når det er relevant. Rutinar for gjennomføring av dette, i tråd med regionalt ambisjonsnivå, skal utarbeidast. Vurderingar kring behov for tilskotsordning for energieffektivisering vert gjort.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, alle avdelingar		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med:		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet til samordning av tilskotsordningar og kriteria for tildeling	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering		Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 6: Klima- og miljøpris		Tidsrom	Årleg
<p>Det skjer mange gode tiltak og prosjekt i Vestland, der enkeltpersonar, lag, organisasjonar og verksemder utmerkar seg innan klima- og miljøvernarbeid. Vidareføring av den eksisterande klima- og miljøprisen er ein viktig del av å løfte fram og gi heider til verdige kandidatar. Nominasjonsrunden og tildeling løfter fram dei gode døma og motiverer andre ved å syne at det nyttar. Prisen vert delt ut ein gong i året, i tråd med vedtekne retningslinjer. Innstillingsnemnda består av tre deltakarar frå fylkesutvalet, og ein representant frå Vestland ungdomsutval. Geografisk fordeling av representantar i innstillingsnemnda skal prioriterast, slik at kandidatar frå heile Vestland vert godt vurdert.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon I samarbeid med: Innstillingsnemnda (oppnemnt av fylkesutvalet, og representant frå Vestland ungdomsutval)		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kommunikasjon kring pris, og tilstrekkeleg med aktuelle nominasjonar	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	100 000 kr årleg	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 7: Innbyggjarpanel / generasjonskafé		Tidsrom	2023-2025
<p>Kontakt med innbyggjarane bidreg til å sikre god forankring og legitimitet for dei prioriterte tiltaka. Innspel frå eit representativt utval av innbyggjarane er difor viktig for å sikre gode handlingsplanar og prioriteringar for oppfølging av Regional plan for klima. Vi ynskjer difor å etablere eit innbyggjarpanel som kan bidra i oppfølging av klimaplanen. Innspel frå medverknadsprosessane har løfta dette opp som eit behov, samt at ungdomane føreslo ein generasjonskafé som møtearena på tvers av generasjonar. Dette vil kunne vere ein arena for utveksling av behov og løysingar. Omfang av arbeidet, forslag til organisering, mandat og kostnadar skal utgreiast i perioden.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon I samarbeid med: Innbyggjarar, relevante forskingsmiljø		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Etablering, organisering og deltaking frå innbyggjarar	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Avklarast i budsjettprosessen ved etablering	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 8: Klimakommunikasjon		Tidsrom	Kontinuerleg
Formidling av oppdatert kunnskap, dei gode ideane og løysingane, samt å synleggjere kva som vert gjort i regionen er viktig for å kunne mobilisere og engasjere. Klimakommunikasjon vert eit prioritert område. Formidling kan skje gjennom samarbeid med ulike kulturelle verksemdar, museum og vitensenter. Mellom anna gjennom grønne førestillingar og kulturelle arrangement, temahefter, klimamagasinet, nettsider, konferansar og webinar osv. Eksempel framover kan vere nytt Klimamagasinet «Den grønne leiartrøya», klimaføredrag på biblioteka, klimafokus i den kulturelle skulesekken, årlege konferansar som Klimathon og Klimaomstillingskonferansen, frukostmøteserie på klima.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, alle avdelingar		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Klimapartner Vestland, regional samarbeidsgruppe, forskingsmiljø, vitensenter, bibliotek og kulturaktørar		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Klart språk, relevante tematikkar	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast knytt til kvart prosjekt.	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 9: Kompetanse, forskning og innovasjon		Tidsrom	2023-2025
Vi skal ta kunnskapsbaserte val for å sikre klimaomstilling. Det fordrar ei satsing på forskning, innovasjon og kompetanse, samt formidling av kunnskapen på ein lettforståeleg måte. Vi må redusere gapet mellom forskning og forvaltning. Regionen har sterke kompetansemiljø som kan bidra, og desse skal vi samarbeide med. Fylkeskommunen har allereie godt samarbeid med sterke klimaforskingmiljø, og vi skal sikre at også m.a. kommunane i Vestland vil nytte godt av. Dette vil klimaplanen følgje opp gjennom fokus på mellom anna deltaking og leiing av relevante forskingsprosjekt, vidareutvikle verktøy for oppfølging av klimaambisjonar og klimakommunikasjon.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, alle avdelingar		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Kommunar og relevante forskingsmiljø i regionen		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet til aktiv deltaking og finansiering	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast knytt til kvart prosjekt.	Klimarettferd og folkehelse	X

Auka klimafokus i kommunane

Globale utfordringar krev lokal handling, og kommunane er venta å måtte ta ein stor del av ansvaret. Ei auka satsing på og i kommunane er nødvendig, dette knyt seg både til samarbeid, samskaping, rettleiing, klima- og miljøleiing og kunnskapsauke for å sikre gode kunnskapsgrunnlag for utarbeiding av kommunale planar og tiltak. Gjennom auka klimafokus i kommunane vil klimautfordringane bli inkludert i kommunale planar og planprosessar, både for å sikre oppdaterte planverk, men også sikre lokal kunnskap og lokal forankring. Dette vil sikre ei klimaomstilling i Vestland tilpassa kommunane sine behov og prioriteringar.

Prioritering 10: Klimanettverk for kommunar i Vestland		Tidsrom	Kontinuerleg
Kommunane er viktige aktørar i klimaomstillinga, og tiltak og arbeid i kommunane er avgjerande for å få den endringa vi treng for å oppnå måla våre om reduksjon i klimagassutslepp og tilpassing til endra klima. Fylkeskommunen skal vere ein pådrivar og ein samarbeidspart for kommunane i dette arbeidet. Nettverket skal styrke samarbeidet og auke gjennomføringsgrada både i regional klimaplan, samt kommunale klimaplanar. Nettverket vert ein arena for å auke klimakompetansen og forståing for arbeidet. Det vil styrke kommunale prosessar med både utarbeiding av klimaplan, oppfølging og gjennomføring, samt utarbeiding og bruk av klimarekneskap, klimabudsjett og intern klima- og miljøleiing. Medverknad er ein viktig del av å lukkast med arbeidet, og kommunane har høve til å nå innbyggjarane og saman legge til rette for den klimabevisste borgaren.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Kommunane i Vestland, regional samarbeidsgruppe og relevant forskings- og kompetansemiljø		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Relevans for kommunane, kapasitet til å drifte nettverket	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	300 000 kr (endeleg finansiering vert avklart i budsjettprosessen)	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 11: Kunnskapsbasert planlegging		Tidsrom	2023-2025
Styrke kunnskapsgrunnlaget knytt til plantema omtalt i klimaplanen, slik at m.a. kommunane kan få tilgang til oppdatert kunnskap og statistikk. Det er behov for å utvikle verktøy, malar, informasjon, statistikkgrunnlag regionalt og lokalt samt utvikle datasjø-løysingar for klimaområdet.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Kommunar i Vestland, regional samarbeidsgruppe og relevant forskings- og kompetansemiljø		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Finansiering, personalkapasitet til utvikling av digitale løysingar	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	300 000 kr (endeleg finansiering vert avklart i budsjettprosessen)	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 12: Vidareutvikle klimabudsjett som styringsverktøy		Tidsrom	Kontinuerleg
<p>Klimabudsjett kan nyttast som styringsverktøy for å oppnå reduksjon i klimagassutslepp både i fylkeskommunen og i kommunane. Dette kan sikre samsvar mellom ambisiøse mål og handling. Utvikling av styringsverktøy for å sikre handlingskraft er naudsynt, og spesielt system som er kopla til ordinære økonomiprosessar, då tiltaka for gjennomføring ofte både treng økonomiske ressursar i tillegg til personell. Vestland fylkeskommune skal vidareutvikle sitt klimabudsjett, samt bidra til kommunane sine klimabudsjettprosessar. Erfaringar og verktøy frå forskingsprosjekt, som Klimabudsjett 2.0, inngår i vidareutviklinga.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon I samarbeid med: Kommunane i Vestland		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Finansiering, kapasitet og kompetanse til å utvikle verktøyet	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	250 000 kr (endeleg finansiering vert avklart i budsjettprosessen)	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 13: Heilskapleg klimaplanlegging		Tidsrom	Kontinuerleg
<p>Planlegging etter plan- og bygningslova skal sikre ei berekraftig utvikling, og er grunnleggande i arbeidet med klimautfordringane. Dette gjeld både utsleppsreduksjon, reduksjon av klimarisiko, og å unngå arealbruk som påverkar naturmangfaldet negativt. Gjennom rettleiing og oppfølging av kommunane si samfunns- og arealplanlegging kan vi lukkast med heilskapleg klimaplanlegging og klimaomstilling, og styrke koplingane mellom klimakrisa og naturkrisa. Mange kommunar i Vestland har utdaterte klimaplanar. Utarbeiding av nye klimaplanar kan vere ein måte å auke klimafokuset i kommunal planlegging. Korleis kommunen vel å handtere klimautfordringane gjennom kommunale planar avgjer dei. Dette kan dekkast gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel, ein klimaplan eller andre relevante planar. Klimafagleg og planfagleg rettleiing og støtte er viktig for å kunne utarbeide gode og framtidsette planar, og gjennom eit godt regionalt samarbeid kan ein styrke planprosess og oppfølging. Dette kjem i tillegg til høyringssvar og deltaking i regionalt planforum der fylkeskommunen, Statsforvaltaren og andre regionale instansar sikrar at regional plan og statlege planretningslinjer vert lagt til grunn i kommunane.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland I samarbeid med: Regional samarbeidsgruppe, kommunane og relevante sektormynde		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet til deltaking og samordning	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Avklarast i budsjettprosessen	Klimarettferd og folkehelse	X

Redusere direkte klimagassutslepp

Vestland reduserer direkte klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030.

Deltema – Transport

I Vestland har vi eit effektiv transportsystem basert på null- og lågutsleppsløysingar og berekraftig mobilitet.

Prioritering 14: Nullvekstmål i byområda		Tidsrom	2023-2025
Samarbeide for å nå nullvekstmålet i byveksttalen for Bergensområdet gjennom Miljøløftet; «I byområda skal klimagassutslepp, kø, luftforureining og støv reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransporten vert tatt med kollektivtransport, sykling og gange». Prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet og til eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for innbyggjarar og næringsliv i Bergensområdet. Oppfølging av ambisjonane legg til rette for bruk av miljøvenlege teknologi og innovasjon, redusert bilbruk, auka bruk av kollektivtransport og sykkel og gange gjennom handlingsprogram for Miljøløftet for perioden 2023-2026 (vedteke FT 21.06.2022 PS 46/2022)			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Mangfaldig samarbeid – gjennom Miljøløftets sekretariat I samarbeid med: Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden kommune, Vestland fylkeskommune og dei statlege verksemdene Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland.		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Samarbeid, gjennomføringsevne og finansiering	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Finansiering i tråd med byveksttale	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 15: Grønare bybaneutbygging		Tidsrom	Kontinuerleg
<p>Den største kollektivsatsinga i Miljøløftet er Bybanen. Grønare bybane gjer at Bybanen Utbygging som offentleg byggherre skal prosjektere, bygge, drifte og vedlikehalde Bybanen med lågast mogeleg klimagassutslepp, og påverknad på ytre miljø. Grøn bybanebygging bidreg til å fremje gode og framtidsette klima- og miljøløysingar både under prosjektering og utbygging, både gjennom bruk av ny teknologi, klimarapportering og innkjøpskrav.</p> <p>Målet er å identifisere relevante tiltak som på ein kostnadseffektiv måte kan gi reduserte utslepp og miljøbelastning. I prosjektet inngår blant anna å utarbeide klimagassbudsjett for byggetrinnet, fossilfri byggeplass, utprøving og innføring av elektriske anleggsmaskiner, bruk av materialar med lågast mogleg utslepp, gjenbruk og gjenvinning av materialar og avfallshandtering.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Bybanen Utbygging		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Tilsette, prosjekterande og entreprenørar i planlegging, innkjøp og utbygging av bybanen.		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Samarbeid, gjennomføringsevne og finansiering	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Finansiering i tråd med avtale	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 16: Vidareutvikling av tettstadpakkar i Vestland		Tidsrom	2024-2025
<p>Byvekstavtalar og bypakkar er retta inn mot større byar. Vestland har mange større tettstadar, og desse kan ikkje nytte seg av byvekstavtalane sine finansielle verkemiddel, og har andre utfordringar for å sikre ei berekraftig stadutvikling. I 2018-2021 gjennomførte Transportøkonomisk institutt (TØI) eit forskingsprosjekt kalla Tettstadpakkar for attraktiv, klimavennlig og berekraftig tettstedsutvikling. Forskingspartnarane var Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) ved Oslo Met og Vestlandsforskning, Vestland fylkeskommune deltok i prosjektet saman med Stryn kommune. Målet med tettstadspakkane er tettstadar med attraktiv, klimavennleg og inkluderande stadutvikling. Prosjektet er avslutta og arbeidet med vidareføring av funn og etablering av Vestland sin måte å jobbe med tettstadpakkar på må vidareutviklast i perioden. Dette er aktuelt å sjå på som del av planprosessen med Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Kommunar og Distriktssenteret		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Organisering og finansiering	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 17: Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn		Tidsrom	2022-2024
<p>Plantema i Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn er tett kopla til plantema og ambisjonsnivå i regional plan for klima. Framtidige rammer for senterstruktur vil gi grunnlag for framtidig utvikling, og i kombinasjon med utbyggingsmønster og arealbruk, og lokalisering av arbeidsplassar, tenester og tilbod vil dette legge til rette for klima- og miljøvenlege utbyggings- og transportformer. Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn legg klimaomstilling og utvikling av lågutsleppssamfunnet som premiss for utviklinga i Vestland, og inkluderer omsynet til jordvern og naturmangfald i arbeidet.</p> <p>Medverknadsprosjektet blant ungdom i samband med regional plan for klima viste at heimstaden og lokalsamfunnet er ein viktig base for trivsel og tilhøyrse, men også for å kunne gjere klimavenlege val. Koplinga mellom klimaarbeidet og stadutviklingsplanen sitt tema barn og ungdom – trivsel og tilhøyrse blir difor særst viktig i arbeidet framover.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon)		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Vestlandssamfunnet jf. planprogram		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Framdrift, kapasitet og samarbeid	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Avklarast i budsjettprosess	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 18: Vestlandssatsing på elektrisk luftfart		Tidsrom	2022-2025
<p>Utslepp frå flytrafikk må reduserast kraftig for å nå klimaambisjonane. Vestland ynskjer difor å vere ein pådrivar for bruk av nullutsleppsalternativ for å sikre utsleppsfri luftfart. Vestland kan vere ein god arena for utvikling, testing og bruk av el-fly på kortbanenettet. Innovasjon og teknologiutvikling er naudsynt for å lukkast, samt pilotprosjekt på enkeltruter. Målet er at Vestland skal vere framtidig hub for elfly, og blant dei fyrste i verda til elektrisk rute-fly.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Mangfaldig samarbeid – leia av avd. for næring, plan og innovasjon		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Vestland elfly-konsortium, eventuelle utviklingsaktørar og -prosjekt		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Aktuelle pilot- og samarbeidsprosjekt, utvikling av teknologi, infrastruktur og finansiering	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Må vurderast i samband med budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 19: Grøn skipsfart		Tidsrom	2022-2025
<p>Nullutsleppsbatar og skip er naudsynt for å redusere klimagassutslepp frå den nest største utsleppssektoren i Vestland, - sjøfart. Dette er ei viktig næring med høg aktivitet, og som også påverkar den kommunefordelte statistikken til Miljødirektoratet. Utsleppa stammar frå hamnene, og 12 nautiske mil ut frå grunnlinja.</p> <p>Grøn skipsfart er eksempel på nye grønne verdikjeder der Vestland har gode forretningsmogelegheiter. Vi har verksemder som er verdsleiande på elektrifisering og utvikling av karbonfrie framdriftssystem. For å sikre ein regional verdikjede er det naudsynt forskning for å kunne designe, utvikle og bygge fartøy lokalt, sikre nullutslepps-framdriftsteknologi, samt tilrettelegging for infrastruktur i hamn (landstraum og bunkringsstasjon).</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Mangfaldig samarbeid – leia av avd. for næring, plan og innovasjon		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Enova, staten, kommunar, hamnemyndigheiter, maritim næring, Kystverket og andre relevante aktørar, inkl. Grønt Skipsfartsprogram		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Aktuelle pilot- og samarbeidsprosjekt, utvikling av teknologi, infrastruktur og finansiering	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Må vurderast i kvar enkelt prosjekt	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 20: Framtidas hurtigbåt		Tidsrom	2022-2024
<p>Utfordre og utvikle marknaden og gjere det mogeleg å levere miljøvenlege hurtigbåtar. Fellesprosjekt mellom fylkeskommunane Vestland, Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark med mål om å utvikle utsleppsfrie hurtigbåtar. Dette er eit viktig samarbeid for å kunne vere verdsleiande både innan design, og bygging av grønne hurtigbåtar. Utsleppsfrie hurtigbåtar vert viktig for å knyte Vestland saman via sjøvegen. Ved utlysing av rutepakkar er det naudsynt med marknadsdialog for tidlegast mogeleg kunne nytte nullutsleppsteknologi og etablere tilhøyrande infrastruktur. Samstundes er det naudsynt å sikre tilstrekkeleg statleg finansiering for å følgje opp nasjonale forventingar til regionale anbudsprosessar.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, mobilitet og kollektiv (MOK)		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Andre fylkeskommunar, Skyss, og næringslivet som kan levere løysingane		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Framdrift, teknologisk utvikling og vidare finansiering til bygging og pilotering.	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Har fått økonomisk støtte gjennom Klimasats	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 21: Hurtigladestrategi		Tidsrom	2022-2025
<p>Der det er naudsynt med bilbruk er det også naudsynt med fossilfrie alternativ. Tal elbilar stig i Vestland, og ein viktig del av omstillinga er tilrettelegging for lade og fylleinfrastuktur til dei fossilfrie alternativa. Fylkeskommunen har ein hurtigladestrategi, og løyver midlar til etablering av hurtigladerar i tråd med den. Utviklinga skjer rask, og utbygginga på same måte. Det er behov for rullering av hurtigladestrategien for å sikre at dagens og framtidens behov vert dekkja. Det er naudsynt med ladeinfrastruktur både til privatbilar, privatbåtar, drosjar og tyngre køyretøy. Kopling og samarbeid med andre strategiar som vert utvikla for ulike lading er relevant, eks. Statens Vegvesen sin rasteplass-strategi og nasjonal plan for døgnkvileplassar for større køyretøy.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Statens Vegvesen, energiselskap, kommunar og næringslivet		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet og tilskotsmidlar som treff behovet	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Må vurderast i samband med budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 22: Nullutsleppsbusar		Tidsrom	2023-2025
<p>Vestland har vist handlekraft i elektrifisering av busar i Bergensområdet, noko som har redusert klimagassutsleppa med 6600 tonn i året. Nullutsleppskrav i kontraktfornyng for buss vert viktig for å kutte klimagassutslepp i resten av fylket. Nye kontraktar skal inngåast i 2024 og 2025, og førebuing av krav, samt sikre finansiering er naudsynt.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, mobilitet og kollektiv (MOK)		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Skyss, leverandørar og statlege støtteordningar		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Teknologi tilgjengeleg, etablering av infrastrukturar og finansiering	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Må vurderast i samband med budsjett	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 23: Klimavenlege fylkesveggar		Tidsrom	2022-2023
Bygging, drift og vedlikehald av veginfrastruktur bidreg til klimagassutslepp. For å redusere klimagassutsleppa frå dette trengs det meir kunnskap. Det er naudsynt med ei utgreiing av aktuelle tiltak for låg- og nullutsleppsløysingar for heile livsløpet til fylkesvegane. Det trengs meir kunnskap om både drift, vedlikehald og investeringar av fylkesvegnettet. Dette omfattar krav til låg- og nullutsleppsløysingar i veganlegg, bruk av låg- og nullutsleppskøyretøy hjå driftsentreprenørar og bruk av meir klima- og miljøvenlege material. Utgreiinga skal også inkludere økonomiske konsekvensar av krav og mogelege eksterne finansieringsordningar.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, infrastruktur og veg		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Andre vegeigarar og organisasjonar innan drifts- og anleggsbransjen		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Teknologi tilgjengeleg, etablering av infrastruktur og finansiering	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	1,5 millionar frå Klimasats, samt mindre utgreiingskostnadar innanfor driftsbudsjettet	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 24: Klimavenleg massehandtering		Tidsrom	2023
Ved bygging av veganlegg er det naudsynt å redusere både dei økonomiske og miljømessige konsekvensane av massehandtering. Utgreiing av klimavenleg massehandtering i Vestland er naudsynt. Det skal greiast ut prinsipp og strategiar for korleis ein kan nytte overskotsmassar på ein samfunnstenleg måte. Utgreiast i samband med regional transportplan (RTP)			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, Infrastruktur og veg		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: N/A		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Teknologi tilgjengeleg, etablering av infrastruktur og finansiering	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Innanfor driftsbudsjettet til VLFK	Klimarettferd og folkehelse	

Deltema – Energieffektivisering

Vestland brukar elektrisitet og varme effektivt og reduserer energibruken

Prioritering 25: Berekraftige bygg i Vestland fylkeskommune		Tidsrom	2022-2025
Fylkeskommunen er eigar av mange bygningar. Eigedomsavdelinga i fylkeskommunen arbeider kontinuerleg for å sette nye krav og utvikle nye rutinar for å nå klimamål og lukkast med ei berekraftig utvikling. Ved å gjere gode berekraftige val i eigen eigedomsforvaltning kan vi vere førebilete for kommunar og andre byggeigarar. Fylkeskommunen som eigedomsforvaltar og utbyggar gir oss høve til å gjennomføre innovative prosjekt både for å transformere og oppgradere eksisterande bygg, men også bygge nye føregangsbygg. Dette skjer gjennom kontinuerleg arbeid i eigedomsavdelinga. Omsyn gjeld både effektiv energibruk, låge CO ₂ -avtrykk og klimatilpassing av bygg. Nye bygg vert bygd som passivhus og nyttar eigne anlegg for energiproduksjon. Ombruk av inventar og bygningsdelar, ladepunkt til elbil og sykkel inngår. Dette vert gjort med høgt fokus på formulering av klimakrav som skildrar talfesta nivå på CO ₂ -ekvivalentar for bygget. Dette gir handlingsfridom til å velje klimaoptimale løysingar, samt høg grad av bruk av eksisterande bygningsmasse og ombruk av material i nybygg.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, eigedomsavdelinga		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Leverandørar, kommunar, forskning og innkjøp		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet og kompetanse på byggteknisk, innkjøp og klima	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Må vurderast i samband med kvart enkelt prosjekt	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 26: Utgreiing om potensiale for energieffektivisering i Vestland		Tidsrom	2023-2025
Det er behov for meir detaljert kunnskap om potensialet for energieffektivisering i Vestland. Det skal gjennomførast ei utgreiing, for å gjere det synleg kor mykje energi vi kan frigi gjennom å gjennomføre kostnadseffektive tiltak i m.a. industri og bygg for å redusere behovet for ny utbygging. Ei utgreiing bør analysere potensialet, mogelegheiter og barrierar for energieffektivisering. Dette krev ekstern kompetanse, og utgreiinga er tett knytt opp til arbeidet med regional plan for fornybar energi.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: NVE og konsultentselskap		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Finansiering og vidare oppfølging	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Om lag 4-500 000 kr, må avklarast i samband med budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Deltema - Klimavenleg landbruk

Eit berekraftig og klimasmart landbruk i Vestland som styrker og utviklar matproduksjonen

Prioritering 27: Redusert klimaavtrykk frå Vestlandsjordbruket		Tidsrom	2022-2024
Gjennom prosjektet «Redusert klimaavtrykk frå Vestlandsjordbruket» (nettside www.KlimaVest.no) skal klimaavtrykket til Vestlandsjordbruket bli redusert. Målet er å gjere bøndene i Vestland i stand til å redusere klimaavtrykket frå matproduksjonen utan at det går ut over produksjonen, arealutnytting, dyrevelferd eller dyrehelse. Prosjektet har tilsett ein prosjektleiar som skal koordinere klimaarbeidet som rettar seg mot bonden og gardsdrifta. Klimakoordinatoren skal også kurse og rådgje innanfor klima, samt syte for at bonden nyttar Regionalt miljøprogram-ordninga for klimarådgeving, samt tek i bruk klimakalkulatoren.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland Landbruksselskap (prosjekteigar)		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Vestland Bondelag, Landbruksråd Vestland, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Mobilisering og finansiering	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Jf. Eige prosjektbudsjett	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 28: Auka bruk av klimakalkulator og klimarådgeving		Tidsrom	2022-2024
Klimakalkulatoren er eit verktøy (digitalt) som kan gi bonden oversikt over klimagassutsleppa frå eigen gard, samt oversikt over kva som kan gjerast for å redusere klimagassutsleppa og auke opptaket av karbon. Det er gratis å nytte seg av klimakalkulatoren, men for å få størst utbyte kan ein kjøpe klimarådgeving. Kostnadane til klimarådgeving kan ein få dekkja delvis gjennom regionale miljøtilskot. Klimarådgeving er eit viktig verktøy for å bidra til både utsleppskutt og klimatilpassing av gardsbruk i regionen. Dette er etablerte ordningar og er del av oppfølging av landbruket sin klimaplan.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Kwart enkelt gardsbruk		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Norsk Landbruksrådgeving (NLR Vest), Tine, Statsforvaltaren i Vestland, fylkeskommunen og prosjektet <i>Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket</i>		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Mobilisering og finansiering	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Tilskot frå regionalt miljøtilskot (RMT) hjå Statsforvaltaren	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 29: Bionova		Tidsrom	2022-2025
Bidra til etablering og utvikling av Bionova slik at Vestland sine behov for verdiskaping innan bioøkonomi i landbruket vert dekkja. Vestland fylkeskommune har gjennom høyringsuttale meldt frå om behovet for å styrke verkemidlane for i større grad å støtte små og mellomstore bruk. Klimarobust utvikling av Vestlandslandbruket er viktig for m.a. sysselsetting og matproduksjon. Bionova må stimulere til eit grønt taktskifte, og redusere risikoen og kostnaden ved å legge om til klimavenlege alternativ.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune gjennom innspel til Landbruks- og matdepartementet I samarbeid med: Relevante aktørar		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Faktisk etablering	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Ev. etablering finansierast nasjonalt	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 30: Styrka jordvern		Tidsrom	2022-2024
Klimaendringane påverkar matproduksjon og tilgang til vatn både lokalt og internasjonalt. Det er naudsynt med ein streng jordvernpolitikk for å unngå omdisponering og nedbygging av dyrka og dyrkbar mark. Forvaltning av matjord og jordvern vert difor løfta opp som eit overordna omsyn i arealforvaltninga, samt gjennom nasjonal jordvernstrategi. Vestland skal følgje opp nasjonale ambisjonar gjennom eigen jordvernstrategi (vert vedtatt desember 2022), samt som regional planmynde.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, alle avdelingar I samarbeid med: Statsforvaltaren i Vestland, Innovasjon Norge og kommunane		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Vedtak av jordvernstrategi, gode rutinar for oppfølging av jordvernpolitikken på regionalt nivå.	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Ingen kostnad	Klimarettferd og folkehelse	X

Deltema - Berekraftig næringsutvikling

Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030

Prioritering 31: Grøn region Vestland		Tidsrom	2022-2025
Målretta samarbeidsprosjekt for å byggje verdslaiande grønne hubbar gjennom industriell symbiose. Grøn region Vestland koplar næringsutvikling i fylket tettare til reduksjon av klimagassar ved at grøn omstilling, næringsutvikling og klimagassreduksjon dominerer i alle ledd. Grøn region Vestland omset EU sin «grøne giv» til ein Vestlandskontekst, som Noregs fyrste region. Det er eit breitt og mangfaldig samarbeid for å auke tempo, gjennomføre prioriteringar og gjennomføre naudsynte tiltak for å lukkast med grøn omstilling i fylket.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge (prosjekteigarar)		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Næringsforum Vestland og næringslivet i regionen		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Industriell symbiose, samarbeid og finansiering av prosjekt	Sikre naturmangfald	x
Kostnad og finansiering	Avklarast i budsjettprosess	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 32: Fossil- og utsleppsfrie bygg- og anleggsplassar		Tidsrom	Kontinuerleg
Offentlege byggherrar i Vestland har kome med ei erklæring om bruk av utsleppsfrie teknologiar, prosessar og løysingar knytt til drift av bygge- og anleggsplassar etterkvart som utsleppsfri teknologi og kunnskap vert tilgjengeleg i marknaden ¹ . Oppfølging av initiativet er viktig for å redusere fossile utslepp frå bygge- og anleggsplassar. Dette skal skje gjennom krav i anbod om utsleppsfrie teknologiar, prosessar og løysingar knytt til drift av bygg- og anleggsplassar.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Mangfaldig samarbeid – gjennom regional plan for innovasjon og næringsutvikling		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Offentlege byggherrar, bransjeorganisasjonar.		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Innkjøpskompetanse og finansiering	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

¹ [Felles og rettleiande kunngjering frå fellesinitiativet for fossilfrie/utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar i Vestland](#)

Prioritering 33: Sirkulære verdikjeder		Tidsrom	2023-2024
Behovet for å utvikle produkt som varer lenger og som kan brukast om att for å redusere avfall er naudsynt. Regelverk og økonomiske verkemiddel må stimulere til sirkulære løysingar og prosjekt. Sirkulære prinsipp skal leggast til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Mangfaldig samarbeid – gjennom regional plan for innovasjon og næringsutvikling I samarbeid med: Fylkeskommunen, kommunane, regionråd, Statsforvaltaren, statlege aktørar, organisasjonar, verksemder og verkemiddelapparatet elles.		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Pilotprosjekt, lokale initiativ og finansiering	Sikre naturmangfald	x
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 34: Karbonfangst, -bruk og -lagring		Tidsrom	2023-2025
Karbonfangst, -bruk og -lagring vert viktig for å innfri utsleppsmålet vårt, Noreg og verda. Utvikling og etablering av framtidretta teknologi er ei viktig strategisk prioritering, og potensielt viktig tiltak for å lukkast med prioritering 35 for å sikre netto nullutslepp frå dei største utsleppskjeldene i regionen. Løysingane til store prosjekt fordrar offentleg støtte gjennom nasjonale og/eller internasjonale midlar. Vestland ynskjer å vere å bidra til nasjonal etablering av berekraftige prosjekt i regionen.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Mangfaldig samarbeid – gjennom regional plan for innovasjon og næringsutvikling I samarbeid med: Staten, industriverksemder, kommunar, Næringsforum Vestland		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Innovasjon, teknologiutvikling og finansiering	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Avklarast knytt til kvart enkelt prosjekt	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 35: Netto nullutslepp frå dei største punktutsleppa		Tidsrom	2023-2025
<p>Ein stor del av utsleppa i Vestland kjem frå nokre få, store utsleppskjelder. Desse utsleppa blir definert som punktutslepp. Hovudsakleg er dette utslepp knytt til industriproduksjon. Vi må jobbe for rammevilkår og verkemiddel som gjer det mogleg å redusere utslepp gjennom innovasjon og teknologiutvikling. Industrier som kuttar eigne utslepp, vil få eit konkurransefortrinn. Planlagde og pågåande innovasjonsprosjekt må bli kartlagt med sikte på å kople saman initiativ på tvers av sektorar. Fellesinnsats mellom regional plan for klima og regional plan for berekraftig verdiskaping (Grøn næringsutvikling – Delmål 2 – Strategi 1)</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Mangfaldig samarbeid – gjennom regional plan for innovasjon og næringsutvikling I samarbeid med: Vestland fylkeskommune, industriaktørar, teknologiklynger, Innovasjon Norge, Enova, andre statlege aktørar, forskings- og utdanningsinstitusjonar		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Innovasjon, teknologiutvikling og finansiering	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Avklarast på eit seinare tidspunkt.	Klimarettferd og folkehelse	

Redusere klimafotavtrykket

Vi reduserer klimafotavtrykket ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar, redusert materielt forbruk og avfall

Prioritering 36: Grønt hytteliv i Vestland		Tidsrom	2022-2024
<p>Hytter er viktige for nordmenn og vestlendingar. Fritidshytter bidreg også til aktivitet og verdiskaping i hyttekommunar. Samstundes påverkar hyttebygging klimafotavtrykket, m.a. ved transport til og frå hytta, nedbygging av natur og karbonrike areal, tak av biologisk mangfald, tap av framtidig karbonopptak, samt høg energibruk. Det er behov for meir kunnskap om klimafotavtrykket til hyttebygging og bruk i regionen. Prosjektet skal sjå på korleis hyttekommunane kan redusere klimafotavtrykket og potensielt auke verdiskaping frå hyttebruken. Dette vert er eit utviklingsprosjekt som den arealplanlegginga i kommunane enno ikkje rommar, og vil auke kompetansen i kommunane om samanhengen mellom hytteliv og klimafotavtrykk i kommunen. Prosjektet er finansiert med 1,2 millionar gjennom Klimasats grunna det store potensialet for å redusere klimagassutslepp gjennom kommunal planlegging. Målet i prosjektet er ikkje å stoppe hytteutbygging men sørge for at dei hytte som vert bygd i minst mogleg grad bidreg til klimagassutslepp gjennom bygging og bruk. Prosjektet ser på korleis vi kan ta vare på karbonrike areal, legg til rette for klimavenleg energibyging, redusert transportbehov og utsleppsfrie reiser.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Bergen kommune		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Vestland fylkeskommune, Voss herad, Eidfjord kommune og Kvam herad		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Grundig kartlegging og vilje til utprøving av tiltak	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Klimasats-midlar og eigeninnsats frå deltakarane	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 37: Plaststrategi		Tidsrom	Kontinuerleg
Oppfølging av plaststrategi for Vestland ² med mål om at Vestland skal ha null tilførsel av plast til naturen, ein plastfri natur og eit plastfritt hav. Plaststrategien blei vedteken juni 2020 og er viktig for å hindre plast på avvege, redusere bruk av plast i eigen organisasjon og samarbeidet om innovasjon og næringsutvikling som bidreg til utvikling av sirkulære verdikjeder knytt til plast. Ambisjonsnivået og visjon for strategien bør vidareførast. Innhald og tiltak vert evaluert.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, alle avdelingar		Redusere direkte klimagassutslepp	
I samarbeid med: Kommunar, næringslivsaktørar, forskning, lag og organisasjonar (eks. Skjærgardstenesta og friluftsråd)		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet, samarbeid og tilskot	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	2 000 000 kr årleg, fordelt på utvikling av sirkulære verdikjeder knytt til plast, og plastrydding	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 38: Verktøy for å rekne ut klimafotavtrykket		Tidsrom	2023-2025
Det eksisterer ikkje eit offentleg tilgjengeleg rekneskap på klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet. Det er difor behov for å utvikle gode verktøy slik at kommunar og fylkeskommunar får betre innsikt i klimafotavtrykk og forbruksbaserte klimagassutslepp. Med utgangspunkt i ei slik oversikt er det enklare å sjå mogelegheitene for å redusere utslepp knytt til forbruk av varer og tenester. Fylkeskommunen treng å bidra i utviklingsprosjekt for å utvikle og ta i bruk verktøy for å kalkulere klimafotavtrykket, både for eigen del, men også for å utvikle verktøy for kommunane. Dette er naudsynt for å få ei oversikt, kunne sette i gang tiltak og mål effekt av tiltak. For å gjere slike verktøy nyttige for kommunal og regional planlegging og utvikling er det naudsynt å inkludere kommunar som ynskjer å vere med å vidareutvikle verktøyet.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Kommunar og næringslivsaktørar som utviklar relevante verktøy		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Dialog med kommunane om behov og framdrift	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	450 000 kr, fordelt på kostnad ved samarbeidsavtale og kostnad ved partner-kommunar	Klimarettferd og folkehelse	

² [Plaststrategi – Ein plastfri natur og eit plastfritt hav i Vestland](#)

Prioritering 39: Klimavenlege innkjøp		Tidsrom	Kontinuerleg
<p>Både det offentlege og private kan bruke innkjøpsmuskelen til å utfordre og utvikle marknaden til å levere løysingar som har lågare klimafotavtrykk, og nyttar mindre energi og forbruk av ressursar. Dette gjennom å sikre at innkjøpet er naudsynt eller kan dekkast av noko ein allereie har, eller stille krav i anbod og innkjøp, både av varer og tenester. Styrka kompetanse og kapasitet til å gjennomføre miljøvenlege og berekraftige innkjøp er viktig både for fylkeskommunen og kommunane, for å sikre lågast mogeleg klimafotavtrykk i eit livsløpsperspektiv. Gjennom ein bevisst innkjøpspraksis kan innkjøp bidra til å redusere skadeleg miljøpåverknad og fremje klimavenlege løysingar.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, innkjøpsmiljø I samarbeid med: Kommunar og næringslivsaktørar		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet til kunnskapsauke, kravstilling og oppfølging	Sikre naturmangfald	x
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 40: Berekraftige kantiner		Tidsrom	2022-2024
<p>Matproduksjon krev mykje energi, landareal, vatn, og står for relativt store klimagassutslepp. Kva vi vel å ete, korleis det er produsert og kor mykje mat som hamnar i søpla utgjer ein stor forskjell for klimagassutsleppa våre. FN definerer berekraftig kosthald slik: «Kosthald som har låg miljøpåverknad, som bidrar til mat- og ernæringsikkerheit og til eit sunt liv for noverande og framtidige generasjonar». Vi må vidareutvikle berekraftig kantinedrift for å sikre lågare klimafotavtrykk frå kantiner i fylkeskommunen, både gjennom meir berekraftig mat og redusert matsvinn. Fylkeskommunen er sertifisert som Miljøfyrtårn, som m.a. set krav til kantinedrifta gjennom eigne kriterie for korleis matsserveringa kan bli meir berekraftig. I perioden 2020-2021 blei det gjennomført eit pilotprosjekt på Voss og Stryn vidaregåande skule og deira arbeid for å satse på berekraftig og sunt mattilbod til elevar og tilsette. Den nasjonale rettleiingstenesta, Matvalget, blei nytta i pilotprosjektet. Vidareføring av denne satsing er prioritert for å kople livsmeistring, sunn mat, trivsel og læringsmiljø til meir klimavenleg og berekraftig mat, redusert matsvinn, medvitne val av kjøtt og fisk, auka bruk av økologiske og lokale råvarar. Avtale for gjennomføring er inngått.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon og avd.opplæring og kompetanse I samarbeid med: Interesserte skular og Matvalget		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	
Kritisk suksessfaktor	Rettleiing og gjennomføringsevne	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	200 000 kr årleg	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 41: Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren		Tidsrom	2022-2025
Kunst- og kultursektoren når ut til dei aller flest i fylket vårt gjennom ulik aktivitet i regionen. Med FN sine berekraftsmål som rettesnor er det utarbeide at nasjonale grønt vegkart for kunst- og kultursektoren ³ som mellom anna legg fram strakstiltak for kva verksemder, organisasjonar og prosjekt i kultursektoren bør gjera. Dette danne grunnlag for utvikling av berekraftig kulturell infrastruktur i Vestland i tråd med Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit i Vestland. Denne prioriteringa vert eit fellestiltak mellom dei to regionale planane.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur og folkehelse I samarbeid med: Relevante aktørar i kunst- og kultursektoren		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet til implementering	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Inngår i oppfølging av Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit	Klimarettferd og folkehelse	X

Trygt og robust Vestland

Ein trygg plass å bu og eit klimarobust samfunn som er førebudd på konsekvensar av klimaendringane

Prioritering 42: Auka bruk av naturbaserte løysingar for klimatilpassing		Tidsrom	Kontinuerleg
Naturbaserte løysingar for klimatilpassing skal prioriterast, men det er utfordrande å omsette tilgjengeleg kunnskap til faktiske tiltak. Det er ei prioritering å redusere barrierane for å ta i bruk naturbaserte løysingar. Dette inkluderer tilgang til rettleiingsmateriell og gode eksempel på når naturbaserte løysingar er det beste alternativet, og når det ikkje er føremålstenleg.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune I samarbeid med: Regional samarbeidsgruppe, forskingsmiljø og kommunane, og Miljødirektoratet som arbeidet med nasjonale rettleiarar		Redusere direkte klimagassutslepp	x
		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	x
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet til gjennomføring	Sikre naturmangfald	x
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	x

³ Grønt veikart for kunst- og kultursektoren

Prioritering 43: Klimatilpassing av fylkesvegnettet		Tidsrom	Kontinuerleg
Drift og vedlikehald av fylkesvegnettet er, og vert viktig framover i møte med eit klima i endring. Aukande nedbør og meir ekstremvêr utset vegnettet for slitasje, og klimatilpassing av vegnettet vert viktig for dei som ferdast på vegane. Det er naudsynt med forsvarleg og berekraftig forvaltning av fylkesvegnettet i tråd med Regional transportplan og <i>Drifts- og vedlikehaldsstrategien for fylkesvegnettet</i> , der mellom anna auka fokus på å oppnå klima- og miljøgevinstar og bli betre førebudd på å handtere klimaendringar er prioritert.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, Infrastruktur og veg I samarbeid med: Andre vegeigarar, planmyndigheiter og forskingsinstitusjonar		Redusere direkte klimagassutslepp	
		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	x
Kritisk suksessfaktor	Finansiering til utgreiingar og rammevilkår for gjennomføring	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	x

Prioritering 44: Medverknadsmetodar for klimatilpassing		Tidsrom	2022-2024
Kommunane står i fyrstelinja for å tilpasse samfunnet til klimaendringar, og lokal kunnskap og lokal forankring er viktig for å sikre ei trygg samfunnsutvikling. Samarbeid og dialog vert prioritert for å kunne produsere relevant kunnskap og strategiar, som vil kunne gi meir og betre klimatilpassing, auka legitimitet og potensiale for oppslutning rundt klimatilpassingstiltak. Prosjektet inkluderer innbyggjarane i forskinga for å auke data på lokalt nivå. Dette er eit breitt innovasjonsprosjekt i offentleg sektor for å dekke fylkeskommunen og kommunane sine behov for samordna oppgåveløysing innan klimatilpassing. Prosjektet skal utvikle medverknadsmetodar for å styrke kommunane sin klimatilpassingskapasitet, og skal utvikle samforskningsmetodar for å skape engasjement og legitimitet for kunnskapsgrunnlaget og måtar å visualisere og formilde kunnskapen på til både innbyggjarar og politikarar. Dette vil styrke kvaliteten og auke engasjementet for planprosessar. Forskningsrådet støttar prosjektet med 3,6 millionar kroner.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune (prosjekteigar)- avd. for næring, plan og innovasjon I samarbeid med: Vestlandsforskning (fagleg leiar), Institutt for geografi ved NTNU, NORCE Klima, Kinn, Sunnfjord, Osterøy kommune og UiB		Redusere direkte klimagassutslepp	
		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	x
Kritisk suksessfaktor	Framdrift og aktiv deltaking	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Støtta av Noregs forskingsråd, eigenandel 150 000 kr årleg	Klimarettferd og folkehelse	x

Prioritering 45: Søke klimatilpassingsmidlar		Tidsrom	Årleg
Miljødirektoratet lyser ut midlar til klimatilpassing i kommunar og fylkeskommunar. Verken kommunane eller fylkeskommunen har dei siste år nytta seg av tilskotsordninga. Føremålet med tilskotsordninga er å heve kunnskapen om korleis dagens og framtidens klimaendringar påverkar kommunen sitt ansvarsområde, og korleis vi best kan tilpasse oss og førebygge negative verknader av klimaendringar. Dette er ei ordning Vestland i større grad bør nytte seg av til ulike prosjekt, både kunnskapsbygging og utgreiingar av konkrete klimatilpassingstiltak. Årleg søknadsfrist er normalt i februar.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, alle avdelingar		Redusere direkte klimagassutslepp	
I samarbeid med: Kommunane og relevante forskingsmiljø		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	x
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet, kvalitet på prosjekt og søknad	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Avhengig av prosjekt og søknadssum	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 46: Kommunenettverk for klimatilpassing		Tidsrom	2022-2024
Nasjonalt nettverk for å styrke arbeidet med klimatilpassing. Gjennom nettverket får kommunane oppdatert kunnskap, høve til erfaringsdeling og læring for å lukkast med klimatilpassingsarbeidet. Nettverket passar for kommunar som ynskjer å styrke klimatilpassingsarbeidet sitt gjennom plan- og styringssystem og vil analysere si klimasårbarheit . Dette er eit nasjonalt nettverk som KS Vest deltek aktivt i, samt inviterer Vestlandskommunar inn i. Deltaking i nettverket vil vere ein god arena for kunnskapsauke, nettverksbygging, samt arbeide målretta med klimatilpassing i kommunale plan- eller utviklingsprosessar.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: KS Vest		Redusere direkte klimagassutslepp	
I samarbeid med: Kommunane og fylkeskommunen		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Deltakarkommunar frå Vestland	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Eige budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 47: Samfunnstrykkleik og beredskap		Tidsrom	2022-2024
FylkesROS Vestland er ein overordna analyse av risiko og sårbarheit i fylket, inkludert konsekvensane av klimaendringane. Den vil vere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for beredskapsplanlegging, og for analysane av risiko- og sårbarheit i kommunane. Oppfølging av handlingsplanen til FylkesROS vil vere eit viktig tiltak for å redusere sannsynet for, og konsekvensane av uønskte hendingar.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Statsforvaltaren i Vestland		Redusere direkte klimagassutslepp	
I samarbeid med: Fylkesberedskapsrådet, fylkeskommunen og kommunane		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Ferdigstilt fylkesROS	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 48: Rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt		Tidsrom	Kontinuerleg
Sivilbeskyttelseslova og forskrifta til den pålegg kommunen å utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse. Analysen skal omfatte risiko og sårbarheit i eige område, m.a. uønskte naturhendingar. Det er viktig at analysen omfattar vurderingar av risiko og sårbarheit i eksisterande busetnad og infrastruktur, og konsekvensar av klimaendringane. Statsforvaltaren driv rettleiing og tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta etter sivilbeskyttelseslova			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Statsforvaltaren i Vestland		Redusere direkte klimagassutslepp	
I samarbeid med: Kommunane		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Dialog og rettleiing	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Inngår som ordinær arbeidsoppgåve	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 49: Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur		Tidsrom	2022-2024
Arbeidet med klimatilpassing av Vestland er viktig, og fleire kommunar utarbeidar egne mål og strategiar for arbeidet. Klimatilpassingstiltaka kan det tidvis vere utfordrande å måle effekten av. Å måle framdrift og forbetring over tid kan vere utfordrande, og bruk av indikatorar kan vere til stor hjelp, også i klimatilpassingsarbeidet. Det er naudsynt å utvikle indikatorar som er relevante for klimatilpassing i kommunane, dette inkluderer også økonomiske indikatorar. Det kan vere kostbart å gjennomføre effektive og velfungerande klimatilpassingstiltak, og eit indikatorsett kan gjere det mogeleg å evaluere effekt og måloppnåing, slik at det ev. er mogeleg å gjere justeringar.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Osterøy kommune (prosjekteigar)		Redusere direkte klimagassutslepp	
I samarbeid med: SINTEF og Vestlandsforskning (forskningsgruppa), fylkeskommunen, Sogndal, Kvam, Lærdal, Fitjar og Kinn kommune		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	x
Kritisk suksessfaktor	Framdrift og aktiv deltaking	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	Støtta av Regional Forskningsfond Vestland, eigenandel 100 000 kr totalt	Klimarettferd og folkehelse	x

Prioritering 50: Klimarisikovurdering av Vestland		Tidsrom	2023-2024
Heilskapleg analyse av kvar Vestland er sårbar vil vere naudsynt, difor skal det gjennomførast ei utgreiing for å betre få oversikt over klimarisiko i Vestland. Denne vil kunne inngå som grunnlag for ny regional planstrategi dersom funn frå rapporten er relevant for utfordringsbiletet til Vestland i neste 4-årsperiode.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon		Redusere direkte klimagassutslepp	
I samarbeid med: Regional samarbeidsgruppe, forskingsmiljø, næringsliv og kommunar		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	x
Kritisk suksessfaktor	Finansiering og kvalifisert konsulent	Sikre naturmangfald	
Kostnad og finansiering	500 000 kr	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 51: Kulturmiljøverdier i eit klima i endring		Tidsrom	2022-2025
<p>Av omsyn til både klimautfordringar, ressursbruk og økonomi vil gjenbruk og istandsetting av kulturminner og kulturmiljø vere ei viktig satsing inn i ein sirkulær økonomi⁴. Auka gjenbruk av eksisterande bygningsmassar, inkludert freda og verneverdige bygg og anlegg, er eit viktig bidra for å redusere klimafotavtrykket. Samstundes aukar belastninga møter både kulturminne, kulturmiljø og verdsarvområda våre utfordringar i eit klima i endring. For å kunne forvalte viktige kulturmiljøverdier er det naudsynt med oppdatert kunnskap og datagrunnlag gjennom tilstandsregistrering og miljøovervaking. På denne måten kan vi sikre ei berekraftig forvaltning i møte med klimautfordringane.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune som kulturmiljømynde, avdeling for kultur og folkehelse I samarbeid med: : Kommunane og grunneigarar		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet til gjennomføring	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast nærmare i budsjettprosess	Klimarettferd og folkehelse	X

⁴ [Meld. St.16 Nye mål i kulturpolitikken](#)

Sikre naturmangfald

Gjennom god kunnskap tek vi vare på naturen sitt mangfald for å redusere klimarisiko

Prioritering 52: Forarbeid arealrekneskap		Tidsrom	2023-2025
Arealbruk er avgjerande både for korleis vi får til klimaomstillinga og korleis vi tek i vare naturmangfaldet. Som eit ledd i å betre forvalte areala i Vestland, bør alle kommunar ha arealrekneskap. Her bør fylkeskommunen støtte kommunane ved å samle arealkunnskap på regionalt nivå, og bidra til å utvikle løysingar som kan kome kommunane til nytte. På denne måten kan vi utarbeide kommunale og regionale arealrekneskap som verktøy for klimaomstilling.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, avd. for næring, plan og innovasjon I samarbeid med: Statsforvaltaren i Vestland, aktuelle kommunar		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Statistikk, kart og analyse-kompetanse og kapasitet til gjennomføring	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 53: Kartlegging av karbonrike areal		Tidsrom	2023-2024
Skog, myr, semi-naturleg eng og kystlynghei bind betydelege mengder karbon i Vestland. Kor mykje bunde CO ₂ ein har i desse naturtypene er likevel ukjent. Vi bør i samarbeid med kommunar, forskingsmiljø og relevante statsetatar kartlegge og talfeste karbonbindingsverdien i utvalde naturtypar, på regionalt og kommunalt nivå. Auka kunnskap og oversikt over karbonrike areal vil kunne nyansere arealrekneskap og styrke klimabasert arealforvaltning.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, seksjon for plan, klima og analyse I samarbeid med: Statsforvaltaren i Vestland, aktuelle kommunar, forskingsmiljø		Redusere direkte klimagassutslepp	X
		Redusere klimafotavtrykket	
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Statistikk, kart og analyse-kompetanse og kapasitet til gjennomføring	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 54: Økosystemtenester		Tidsrom	2023-2024
Vi må auke fokuset på økosystemtenestar frå naturen, særleg knytt til klimaregulering. Kompetanse og forståing av økosystema si viktigheit må aukast, og bør inngå som ein naturleg del av kommunale planprosessar. Samarbeid med kommunar og sterke kunnskapsmiljø/forskning vert viktig.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune seksjon for plan, klima og analyse I samarbeid med: Statsforvaltaren i Vestland, aktuelle kommunar, forskingsmiljø	Redusere direkte klimagassutslepp		X
	Redusere klimafotavtrykket		
	Trygt og robust Vestland		X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet internt til formidling og samarbeid	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 55: Berekraftig forvaltning av kystlynghei		Tidsrom	2022-2025
I samarbeid med ein, eller fleire, relevante kommunar, kan statlege aktørar, forskingsmiljø og fylkeskommunen samarbeide for å gjennomføre prosjekt som er retta mot berekraftig skjøtsel av kystlynghei. Ein ønskjer og å utforske korleis tradisjonell drift av utmarksområde kan redusere klimarisiko for storbrann som følge av eit tørrare klima.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren I samarbeid med: Forskingsmiljø i regionen på klimarisiko, og relevante kommunar	Redusere direkte klimagassutslepp		X
	Redusere klimafotavtrykket		X
	Trygt og robust Vestland		X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet til gjennomføring	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	

Prioritering 56: Innspel til naturrisikoutvalet		Tidsrom	2022-2023
Arbeidet med å sikre naturmangfaldet i regionen er viktig for å sikre reell omstilling og berekraftig utvikling. I statsråd 22. juni 2022 blei det utnemnt eit utval som skal utgreie naturrisiko etter modell av klimarisikoutvalet. Fylkeskommunen skal bidra i denne prosessen ved å spele inn Vestland sine behov. Dette skjer med utgangspunkt i at tap av natur påverkar risikoen til verksemdene regionalt, og at noko næringsutvikling kan gjere til at naturen forsvinn. Utvalet bør difor utvikle metodar og verktøy som tydeleggjer korleis næringsliv, finansinstitusjonar og samfunnet elles kan handtere og redusere aktivitet som aukar naturrisikoen.			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, seksjon for plan, klima og analyse I samarbeid med: Andre avdelingar i fylkeskommunen, kommunar, relevante FoU-miljø, Statsforvaltar i Vestland	Redusere direkte klimagassutslepp		X
	Redusere klimafotavtrykket		X
	Trygt og robust Vestland		X
Kritisk suksessfaktor	Medverknad og høve til innspel til naturrisikoutvalet	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 57: Naturmangfaldsplanar		Tidsrom	2022-2025
<p>For å følge opp ambisjonane kring temaet «sikre naturmangfald» er det naudsynt å redusere omfanget av arealbruksendringar som påverkar både klima og naturmangfald negativt. Karbonrike areal må i minst mogleg grad øydeleggast eller omdisponerast, samt inngrep i naturområde. For auke kunnskapen kring konsekvensar er det naudsynt med meir kartlegging og oversikt over areal. For å ivareta naturmangfaldet i kommunane kan det vere rett å prioritere utarbeiding av ein naturmangfaldsplan. Ein kommunedelplan for naturmangfald vil gje kommunar kunnskap og oversikt over naturmangfaldet i kommunen. Dette kan fungere som eit godt grunnlag for å gjere gode og berekraftige val knytt til arealbruk og eventuell utbygging. Miljødirektoratet har eiga tilskotsordning der kommunar kan søke om midlar til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Statsforvaltaren		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Fylkeskommunen og kommunar		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet i kommunane, tilskotsmidlar frå Miljødirektoratet	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Inngår i ordinære arbeidsoppgåver	Klimarettferd og folkehelse	X

Klimarettferdig og folkehelse

Vi er ein pådrivar for ei rettferdig klimaomstilling til beste for innbyggjarane i dag og i framtida

Prioritering 58: Klima og folkehelse tydeleg på dagsorden		Tidsrom	2022-2025
<p>Klima og folkehelse har tradisjonelt ikkje blitt kopla saman som viktige overordna tema. Utvikle kompetanse og koplingar vil vere eit kontinuerleg utviklingsarbeid som vert viktig for å fremje dei gode eksempla, vinn-vinn-løysingane og bidra i ei rettferdig klimaomstilling av Vestland og verda. Det er naudsynt å vidareutvikle gode rutinar for å ta vare på synergiane mellom klimatiltak, folkehelse og livskvalitet. Føremålet med tiltaket er å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeide vidare med rutinar for korleis planlegge klima og folkehelseiltak saman, for å få positive synergieffektar. • Sikre at dette er vurdert i planlegging av tiltak • Auke kompetansen på tiltak der klimatiltak og folkehelseiltak er i samspel • Auke moglegheit til å handtere klimarelaterte hendingar, med tilhøyrande økonomiske og sosiale påkjenningar for personar i utsette situasjonar. • Auka koplingane mellom 			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, fellesansvar mellom avd. for næring, plan og innovasjon og avd. for kultur og folkehelse.		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Andre avdelingar i fylkeskommunen, kommunar, relevante FoU-miljø, Statsforvaltar og Folkehelseforum.		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet til å utvikle kompetanse	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering 59: Måle kopling mellom klima og folkehelse		Tidsrom	2022-2025
<p>Vidareutvikle eksisterande undersøkingar eller utvikle eigne for å dekke relevante spørsmål om klimautfordringane og korleis desse påverkar helse, trivsel og livskvaliteten til innbyggjarane i Vestland. På denne måten kan ein få enno betre lokalt kunnskapsgrunnlag og kople saman felles tiltak, og følgje trend over tid.</p>			
		Kopling til plantema	
Ansvarleg: Vestland fylkeskommune, fellesansvar mellom avd. for næring, plan og innovasjon og avd. for kultur og folkehelse.		Redusere direkte klimagassutslepp	X
I samarbeid med: Ev. relevante forskingsmiljø, FHI og kommunane i fylket		Redusere klimafotavtrykket	X
		Trygt og robust Vestland	X
Kritisk suksessfaktor	Kapasitet til vidareutvikling	Sikre naturmangfald	X
Kostnad og finansiering	Må avklarast i budsjett	Klimarettferd og folkehelse	X

Prioritering i strategisk handlingsprogram 2022–2025

		Redusere direkte klimagassutslepp	Redusere klimafotavtrykket	Trygt og robust Vestland	Sikre naturmangfald	Klimarettferd og folkehelse
SAMARBEID						
1	Klimaråd Vestland	X	X	X	X	X
2	Regional samarbeidsgruppe for klimaomstilling	X	X	X	X	X
3	Klima og miljøeiing i Vestland fylkeskommune	X	X			
4	Klimapartnere Vestland	X	X	X	X	X
5	Regionale tilskotsordningar	X	X	X	X	X
6	Klima- og miljøpris	X	X	X	X	X
7	Innbyggjarpanel/Generasjonskafé	X	X	X	X	X
8	Klimakommunikasjon	X	X	X	X	X
9	Kompetanse, forskning og innovasjon	X	X	X	X	X
Auka klimafokus i kommunane						
10	Klimanettverk for kommunar i Vestland	X	X	X	X	X
11	Kunnskapsbasert planlegging	X	X	X	X	X
12	Vidareutvikle klimabudsjett som styringsverktøy	X	X			
13	Heilskapleg klimaplanlegging	X	X	X	X	X
REDUSERER DIREKTE KLIMAGASSUTSLEPP						
Transport						
14	Nullvekstmål i byområda	X	X		X	X
15	Grønar bybaneutbygging	X	X		X	X
16	Vidareutvikling av tettstadpakkar i Vestland	X	X	X	X	X
17	Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn	X	X	X	X	X
18	Vestlandssatsing på elektrisk luftfart	X	X			

Prioritering i strategisk handlingsprogram 2022–2025

		Redusere direkte klimagassutslipp	Redusere klimafotavtrykket	Trygt og robust Vestland	Sikre naturmangfald	Klimarettferd og folkehelse
19	Grøn skipsfart	x	x			
20	Framtidas hurtigbåt	x	x			x
21	Hurtigladestrategi	x	x			
22	Nullutsleppsbusser	x	x			x
23	Klimavenleg fylkesveg	x	x			
24	Klimavenleg massehandtering	x	x			
Energieffektivisering						
25	Berekraftige bygg i Vestland fylkeskommune	x	x	x	x	x
26	Utgreiing om potensiale for energieffektivisering i Vestland	x	x		x	
Klimavenleg landbruk						
27	Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket	x	x	x	x	x
28	Auka bruk av klimakalkulator og klimarådgeving	x	x	x	x	x
29	Bionova	x	x	x		
30	Styrka jordvern	x	x	x	x	x
Berekraftig næringsutvikling						
31	Grøn region Vestland	x	x		x	
32	Fossil- og utsleppsfrie bygg- og anleggsplassar	x	x			
33	Sirkulære verdikjedar	x	x		x	
34	Karbonfangst, -bruk og -lagring	x	x			
35	Netto nullutslepp frå dei største punktutsleppa	x	x			
REDUSERE KLIMAFOTAVTRYKKET						
36	Grønt hytteliv i Vestland	x	x	x		

Prioritering i strategisk handlingsprogram 2022–2025

		Redusere direkte klimagassutslepp	Redusere klimafotavtrykket	Trygt og robust Vestland	Sikre naturmangfald	Klimarettferd og folkehelse
37	Plaststrategi		x	x		
38	Verktøy for å rekne ut klimafotavtrykket	x	x			
39	Klimavenleg innkjøp	x	x		x	
40	Berekraftige kantiner	x	x			x
41	Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren	x	x	x	x	x
TRYGT OG ROBUST VESTLAND						
42	Auka bruk av naturbaserte løysingar for klimatilpassing	x		x	x	x
43	Klimatilpassing av fylkesvegnettet			x		
44	Medverknadsmetodar for klimatilpassing			x		x
45	Søke klimatilpassingsmidlar			x		
46	Kommunenettverk for klimatilpassing			x		
47	Samfunnstrykkleik og beredskap			x		
48	Rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt			x		
49	Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur			x		
50	Klimarisikovurdering av Vestland			x		
51	Kulturmiljøverdiar i eit endra klima	x	x	x	x	x
SIKRE NATURMANGFALD						
52	Forarbeid arealrekneskap	x		x	x	
53	Kartlegging av karbonrike areal	x		x	x	
54	Økosystemtenester	x		x	x	
55	Berekraftig forvaltning av kystlynghei	x	x	x	x	
56	Innspel til naturrisikoutvalet	x	x	x	x	x
57	Naturmangfaldsplanar	x	x	x	x	x

Prioritering i strategisk handlingsprogram 2022–2025

		Redusere direkte klimagassutslipp	Redusere klimafotetrykket	Trygt og robust Vestland	Sikre naturmangfold	Klimarettferd og folkehelse
KLIMARETTFERD OG FOLKEHELSE						
58	Klima og folkehelse tydeleg på dagsorden	x	x	x	x	x
59	Måle kopling mellom klima og folkehelse	x	x	x	x	x



www.vlfk.no/klimaplan